

Grete Vetås

Vassvikvegen 87

5363 Ågotnes

Ågotnes

18.04.2015

Radøy kommune

Kulturminneforvaltning

V/Bente Kopperdal Hervik

Sak: Ber om vurdering av planer for vedlikehold av naust i Mangersvågen

Eg er eigar av naust 45/341 i Mangersvågen. Forfallet på naustet er tydelig. Eg er redd det ikkje heldt ein stormfull vinter til. Derfor har eg kontakta byggemeister Tormod Kolstad og bedt om hjelp til å berga naustet. Me var på synfaring fredag 17 april for å planlegga reparasjonen. Då vart eg gjort merksam på at dette var eit så gammalt bygg at kommunen bør gjere ei vurdering av planen før me går vidare med reparasjonen.

Naustet er registrert i SEFRAK med ei vurdering klasse raudt: meldepliktig ved riving eller ombygging.

Planen er å reparere naustet, slik at det vert tilbakeført til den reparasjonen som fjerna torvtaket og der dei la på bølglekk. Eg meiner at bølglekk på nausta er ein viktig del av vår historie, då bølglekk har berga mange kulturbygg.

Planen er å gjere følgjande:

- Vestveggen: erstatte lekter og kledning
- Sørveggen: erstatte lekter og kledning.
- Austveggen: bytte roten takplank
- Nordveggen: står som den er.
- Taket:
 - Her må det mest sannsynlig opp ekstra sperr mellom eksisterande sperr.
 - Takplan/sutak må byttast
 - Nye takplater.

Materialvalg:

- For vest og sørvegg: Spesialbestilt plank fra Myrtveit sag, 7 tomms liggande kledning
- Taket: spesialbestilt material fra Myrtveit sag og aluminiumtak med avrunda profil. Farge svart, då det er den fargen som er valgt på Mangersnaustet (nabonaustet).

Vedlagt er bileter som viser forfallet og ein planlagt framdriftsplan.

Eg håper de har høve til å gjere vurderinga før juni, slik at det er mulig å få reparert naustet før hauststormene slår inn igjen.

Dersom de har spørsmål eller treng meire informasjon, er det berre å ta kontakt, så skal eg svara så godt som eg kan.

Venleg helsing

Grete Vetås

Vassvikvegen 87

5363 Ågotnes

Tlf. 90672804

Epost: gvetaas@online.no

Bilete tatt 12 januar 2015



Bilete tatt 17 april 2015



